sft: Informasjon

TA-nummer 2172/2006

Kort om regelverket om kjemikal



Alle verksemder som bruker farlege kjemikal, må ha oversikt over dei kjemikala ein har. For å kunne gjere risikovurderingar eller gjennomføre substitusjon trengst det oppdatert dokumentasjon om kjemikala, til dømes oppdaterte HMS-datablad.

Dersom verksemda sjølv importerer kjemikal, har verksemda plikt til å vurdere om kjemikala skal deklarerast til Produktregisteret.

Dersom ein kjøper farlege kjemikal frå norske leverandørar, lyt ein sjekke at kjemikala er deklarerte ved til dømes å sjå etter PRN-nummer på HMS-databladet.

Her finn du ei utdjuping om regelverket for substitusjon og deklarering til Produktregisteret, og om regulerte kjemikal i bransjane.

Substitusjonsplikta
Substitusjonsplikta er lovfesta i produktkontrollova § 3a. Etter lova er ein pliktig til å erstatte helse- og miljøfarlege kjemikal med mindre farlege alternativ dersom det kan gjerast utan urimeleg kostnad eller ulempe.
Substitusjonsplikta gjeld for alle verksemder som bruker produkt som inneheld helse- og miljøfarlege kjemikal, og inkluderer både bruk av kjemikal i drifta av verksemda og bruk av kjemikal som råvare i produkt som verksemda framstiller.

Substitusjon trinn for trinn:
1 Skaff deg informasjon om det kjemikalet du bruker.
2 Gjer ei prioritering.
3 Finn ut om det finst alternativ.
4 Kva er risikoen ved alternativa?
5 Samanlikn risikoane.
6 Substituere?
7 Substitusjon er ein kontinuerleg prosess.
Hugs at substitusjonsvurderingane skal dokumenterast.

Deklarering til Produktregisteret
Produktregisteret er eit offentleg, sentralt register over kjemiske stoff og produkt.
Alle kjemikal som er klassifiserte som farlege, og som det blir omsett 100 kilo eller meir av per år, skal deklarerast til Produktregisteret.
Farlege kjemikal er kjemiske stoff og stoffblandingar som kan innebere helse-, miljø-, brann- eller eksplosjonsfare. Slike kjemikal skal merkjast med faresymbol og/eller risikosetningar.
Deklarasjonsplikta er heimla i § 21 i "Forskrift om klassifisering, merking mv. av farlige kjemikalier". Ein del produktgrupper fell utanfor deklarasjonsplikta. Det gjeld mellom anna medisinske produkt, nærings- og nytingsmiddel, kosmetikk, radioaktive stoff, plantevernmiddel, fôrmiddel og avfall. Råvarer som skal brukast til produksjon av desse produkta, må derimot deklarerast.

Meir informasjon på nett:
På www.sft.no finn du:
- Rettleiar om substitusjonsplikta, TA-1715/2000
- Fakta om substitusjonsplikta, TA-1693/2000
- Kjemikalrettleiar på nett

Produktregisteret,
www.produktregisteret.no

Regelhjelp
På www.regelhjelp.no finst det bransjespesifikk informasjon som gjeld
- vaskeri og reinseri
- vedlikehald og reparasjon av motorvogner
- produksjon av gummi- og plastprodukt

Fylkesmannen,
www.fylkesmannen.no

Miljøstatus i Noreg,
www.miljostatus.no

Statens forureiningstilsyn
Postboks 8100 Dep,
N-0032 Oslo

Telefon: +47 22 57 34 00
Telefaks: +47 22 67 67 06
E-post: postmottak@sft.no
Internett: www.sft.no

Tinging:
www.sft.no/skjema.html

Strengt regulerte og forbodne stoff

Stoff som er strengt regulerte, skal ein vere ekstra merksam på. Her følgjer ei oversikt over bruksområde, eigenskapar og regelverk for ein del slike stoff:

Bromerte flammehemmarar (BFH)

Bromerte flammehemmarar er ei gruppe kjemikal som blir tilsette ulike produkt for å gjere dei mindre brennbare. Bromerte flammehemmarar står på styresmaktene si liste over prioriterte kjemikal der utsleppa skal reduserast vesentleg.

Bruksområde
BFH blir nytta i krinskort og plast i elektriske og elektroniske produkt, det vil seie datautstyr, fjernsynsapparat, mobiltelefonar osv.
BFH blir nytta i byggjevarer, til dømes i plastbasert isolasjon av typen EPS (isopor og liknande) og i XPS (byggjeskum), som blir brukt til isolasjon i bygg og på vegfyllingar. BFH blir også nytta i cellegummi til isolasjon av rør, mellom anna i kjøleanlegg, i bygg, i skip og på oljeinstallasjonar til havs. BFH blir også nytta i transportmiddel, både i mjuk og i hard plast, og i tekstilar. Tekstilar frå institusjonar, transportmiddel og liknande kan innehalde BFH.

Verknader av stoffa
Nokre av dei bromerte flammehemmarane er akutt giftige for organismar som lever i vatn. Stoffa er lite akutt giftige for menneske, men ved gjenteken eksponering er det påvist at nokre av dei kan føre til leverskade. Det er mistanke om at somme bromerte flammehemmarar kan verke hormonforstyrrande, og at dei kan gi skadar på nervesystemet. Det er framleis behov for meir kunnskap om langtidsverknadene av desse stoffa.

Penta-BDE blir rekna som eit av dei farlegaste stoffa i denne gruppa. Penta-BDE lét seg i liten grad bryte ned, og kan samanliknast med PCB når det gjeld gradvis oppkonsentrering i næringskjeda. Penta-BDE er klassifisert som helseskadeleg ved påverknad gjennom lengre tid, og blir også rekna som miljøskadeleg.

Okta-BDE er klassifisert som eit stoff som reduserer forplantningsevna og er skadeleg for foster.

Tetrabrombisfenol A (TBBPA) og **heksabromsyklododekan** (HBCDD) er føreslått klassifiserte som miljøskadelege.

Deka-BDE og dei moglege skadelege verknadene av dette stoffet gir også grunn til uro. Det ligg føre forslag om forbod mot denne sambindinga.

Regulering
I "Forskrift om begrensning i bruk av helse- og miljøfarlige kjemikalier og andre produkter" (produktforskrifta), § 2-20. Penta- og okta-BDE, heiter det:

"Det er forbudt å produsere, importere, eksportere, omsette og bruke stoff og stoffblandinger som inneholder 0,1 vektprosent eller mer av følgende stoff:
Penta-bromdifenyleter
Okta-bromodifenyleter
Det er også forbudt å produsere, importere, eksportere og omsette produkter eller flammehemmende deler av produkter som inneholder 0,1 vektprosent eller mer av et av disse stoffene."
Avfall som inneheld minst 0,25 % av kvart einskilt stoff av penta-BDE, okta-BDE, deka-BDE, heksabromsyklododekan (HBCDD) eller tetrabrombisfenol A (TBBPA), er definert som farleg avfall.

Tributyltinn- og trifenyltinn-sambindingar (TBT og TFT)

Bruksområde
Stoffa blei i hovudsak nytta til impregnering av tremateriale og i botnstoff til båtar for å hindre groing.

Verknader av stoffa
TBT og TFT lèt seg vanskeleg bryte ned og kan bli oppkonsentrerte i organismar. Stoffa er svært giftige for mange marine organismar. Dei er klassifiserte som miljøskadelege og giftige for menneske.

Regulering
"Forskrift om begrensning i bruk av helse- og miljøfarlige kjemikalier og andre produkter" (produktforskrifta), § 2-8. Organiske tinnforbindelser

Statens forureiningstilsyn
Postboks 8100 Dep,
N-0032 Oslo

Telefon: +47 22 57 34 00
Telefaks: +47 22 67 67 06
E-post: postmottak@sft.no
Internett: www.sft.no

Tinging:
www.sft.no/skjema.html

Høgklorerte, kortkjeda parafinar

Klorparafinar er ei etter måten stor stoffgruppe som blir delt inn i grupper etter kjedelengd og klorinnhald: kortkjeda (SCCP) C10–13, mellomkjeda (MCCP) C14–17 og langkjeda (LCCP) > C17.

Bruksområde
Stoffa har vore brukte som mjukgjerarar i måling og plast, og som tilsetjing i skjerevæsker for metall.

Verknader av stoffa
Klorparafinar har eit stort potensial for bioakkumulering. Akkumuleringa er størst ved låg kjedelengd og høg kloreringsgrad. Kortkjeda klorparafinar er klassifiserte som miljøskadelege. Dei er svært giftige for organismar som lever i vatn. Stoffa er svært bioakkumulerande og lèt seg vanskeleg bryte ned, og dei kan føre til uønskte langtidsverknader i miljøet. Kortkjeda klorparafinar er i tillegg klassifiserte som kreftframkallande i kategori 3, "mogleg fare for kreft".

Regulering
"Forskrift om begrensning i bruk av helse- og miljøfarlige kjemikalier og andre produkter" (produktforskrifta), § 2-17. Kortkjedete klorparafiner

Kadmium

Kadmiumsambindingar har vore brukte som fargestoff i plast og måling, og som stabilisator i PVC. Kadmium står på styresmaktene si liste over prioriterte kjemikal der utsleppa skal reduserast vesentleg.

Verknader
Kadmium og kadmiumsambindingar er akutt og kronisk giftige for menneske og dyr. Dei fleste kadmiumsambindingar er kreftframkallande.

Regulering
"Forskrift om begrensning i bruk av helse- og miljøfarlige kjemikalier og andre produkter" (produktforskrifta), § 2-11. Kadmium og kadmiumforbindelser i fargestoff, og § 2-12. Kadmium og kadmiumforbindelser som stabilisator i produkter.

Nonylfenolar og oktylfenolar og etoksilat av desse stoffa

Nonylfenoletoksilat er overflateaktive stoff (ikkje-ioniske tensid) som på grunn av dei allsidige tekniske eigenskapane har vore nytta i ei rad produkt, til dømes i vaske- og reingjeringsmiddel, bilpleiemiddel, måling, lakk og lim. Mindre mengder er også blitt nytta i plantevernmiddel, kosmetikk og hygieneprodukt.

Nonyl-fenol	C6 H4 (OH)C9 H19
Nonyl-fenol-etoksilat	(C2 H4 O)nC15 H24 O
Oktyl-fenol	C6 H4 (OH)C8 H17
Okty-fenol-etoksilat	(C2 H4 O)nC15 H22 O

Verknader av stoffa
Nonylfenolar og oktylfenolar er svært giftige for organismar som lever i vatn. I produkt blir det i hovudsak brukt nonylfenoletoksilat og oktylfenoletoksilat. Desse stoffa er hovudkjelde til danning av nonylfenolar og oktylfenolar i miljøet. Det kjem av at etoksilata etter måten lett blir brotne ned til nonylfenolar og oktylfenolar, som vanskeleg lèt seg bryte ned, og som er bioakkumulerande og svært giftige for organismar som lever i vatn. Stoffa har hormonforstyrrande verknader på fisk. Hos pattedyr kan nonylfenol gi mogleg fare for skade på foster og forplantningsevne. Somme nonylfenolar er i tillegg klassifiserte som etsande og farlege ved svelging.

Regulering
"Forskrift om begrensning i bruk av helse- og miljøfarlige kjemikalier og andre produkter" (produktforskrifta), § 2-18. Nonylfenol, oktylfenol og deres etoksilater.
Det er forbode å produsere, importere, eksportere, omsetje og bruke nonylfenolar eller nonylfenoletoksilat til spesielle område eller produkt, sjå forskrifta. For oktylfenol og oktylfenoletoksilat er det eit generelt forbod, men med unntak for mellom anna bruk i måling, lakk og smørjeoljar.

Statens forureiningstilsyn
Postboks 8100 Dep,
N-0032 Oslo

Telefon: +47 22 57 34 00
Telefaks: +47 22 67 67 06
E-post: postmottak@sft.no
Internett: www.sft.no

Tinging:
www.sft.no/skjema.html

Ozonreduserande stoff

Dette er stabile klor- eller bromhaldige sambindingar som blir transporterte uendra opp til stratosfæren. Her reagerer dei med ozonmolekyl slik at ozonlaget blir redusert. Døme på slike stoff er KFK (klorfluorkarbon), halon, tetraklormetan (karbontetraklorid), 1,1,1-trikloretan (metylkloroform), HBFK og bromklormetan.

Døme på bruksområde

- Tetraklormetan og 1,1,1-trikloretan blir i hovudsak brukte som løysemiddel.
- Halon blir i Noreg i hovudsak brukt i brannsløkkingsanlegg.
- KFK kan framleis finnast i gamle kjøleskap og i andre kuldeanlegg, og i isolasjonsskum som blei produsert før KFK blei forbode i 1991. KFK er også blitt brukt i sprayboksar, ved framstilling av skumplast, til dømes polyuretanskum, til reinsing av tekstilar og til avfeitting.

Regulering

Sjå "Forskrift om begrensning i bruk av helse- og miljøfarlige kjemikalier og andre produkter, kapittel 6, § 6-3. Forbud mot produksjon, import, eksport og bruk av ozonreduserende stoffer og blandinger, og § 6-9. Forbud mot bruk av produkter med tetraklormetan (karbontetraklorid) og 1,1,1-trikloretan (metylkloroform).

Stoff der utsleppa skal reduserast vesentleg

Dietylheksylftalat (DEHP)

Tetrakloreten (PER)

Ftalat

Gruppa ftalat omfattar mange ulike stoff. Døme er dietylheksylftalat (DEHP), dibutylftalat (DBP) og butylbenzylftalat (BBP).

Bruksområde

Ftalat blir i hovudsak brukte som mjuknarar i plast, særleg i PVC. Ftalat kan finnast i ei rad produkt, til dømes leikety, syntetisk lêr, skosolar, regnty, golv- og takbelegg, kablar, tettingsmiddel, innpakkingsmateriale, medisinsk utstyr, måling, lim og bilpleieprodukt.

Verknader av stoffa

Nokre av ftalata, til dømes DEHP og DBP, er klassifiserte som reproduksjonsskadelege, det vil seie at dei kan skade forplantningsevna og gi fosterskadar. BBP er også klassifisert som miljøskadeleg, og er mellom anna giftig for organismar som lever i vatn.
DEHP tilfredsstiller det kriteriesettet styresmaktene sette i Stortingsmelding nr. 25 (2002-2003) for prioriterte kjemikal der utsleppa skal reduserast vesentleg seinast i 2010.

Tetrakloreten (PER)

Bruksområde

PER blir ikkje produsert i Noreg, men blir importert frå utanlandske produsentar. PER blir i hovudsak brukt til reinsing av tekstilar. Stoffet blir også brukt i laboratoriekjemikal. Det kan også bli danna ved forbrenning av klorhaldig materiale, til dømes ved forbrenning av avfall.

Verknader av stoffet

PER er eit kreftframkallande stoff. Det er også giftig for organismar som lever i vatn, og kan føre til uønskte langtidsverknader i vassmiljøet. PER tilfredsstiller det kriteriesette styresmaktene sette i Stortingsmelding nr. 25 (2002-2003) for prioriterte kjemikal der utsleppa skal reduserast vesentleg seinast i 2010

.

Statens forureiningstilsyn
Postboks 8100 dep,
N-0032 Oslo

Telefon: +47 22 57 34 00
Telefaks: +47 22 67 67 06
E-post: postmottak@sft.no
Internett: www.sft.no

Tinging:
www.sft.no/skjema.html



MEGET BRANNFARLIG



EKSTREMT BRANNFARLIG



OKSIDERENDE



EKSPLOSIV



GIFTIG



MEGET GIFTIG



HELSESKADELIG



IRRITERENDE



ETSENDE



MILJØSKADELIG